



Notat

Dato: 18.08.2014
Arkivsak: 2014/18069-2
Saksbehandlar: artarne

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Utfordringar for leverandørbedrifter innan petroleumsnæringa, - svar på spørsmål frå Sveinung Valle (Ap).

Innleiing.

På møtet i fylkesutvalet 19. juni i år spurte representanten Sveinung Valle (Ap) om korleis fylkesrådmannen stiller seg indikasjonane på at leverandørbedriftene knytt til petroleumsnæringa har fått store utfordringar den seinare tida. I problemstillinga ligg ei bekymring for utviklinga i rammetilhøva for desse bedriftene. Konkret blei desse spørsmåla stilt:

- At det er viktig for fylkeskommunen å få ein oversikt over kor mange tilsette og bedrifter som vert råka av innstrammingane frå oljeselskapa?
- Få oversikt over kor sårbare desse bedriftene er?
- Få oversikt over kva bedriftsleiarane sjølve meiner kan eller bør gjerast?
- Om fylkeskommunen/regionalavdelinga eller andre t.d. HOG energi bør gjennomføre eit slikt arbeid?

Innleiingsvis vil fylkesrådmannen berre slå fast at det er grunn til å vere bekymra i utviklinga av rammetilhøva for delar av industrien, særleg for utviklinga av rammetilhøva for SMB. Under er det gitt ein kort oppsummering av industrien sin storleik og viktighet i fylket, korleis rammetilhøva gradvis er endra dei seinare åra og ein kort oppsummering av nokre negative konsekvensar vi ser av desse endringane. Basert på det vi veit, er det enkle svaret på spørsmåla ja, det er viktig for fylkeskommunen å få meir kunnskap om desse spørsmåla. Meir kunnskap om bedriftene vil betre fylkeskommunen sin moglegheit til å sette i verk gode tiltak for å styrke særleg SMB.

Samstundes er det viktig å slå fast at det meste av petroleumsnæringa i Hordaland er solid fundert og i sunn og god utvikling. Fylkesrådmannen har difor tro på at denne næringa vil vere svært viktig for utviklinga i dette fylket i mange tiår framover.

Kort om petroleumsnæringa.

Petroleumsnæringa er regionen sin viktigaste næring med ei verdiskaping årlig på rundt 230 milliardar kroner og sysselsetting på vel 20 000 personer. På ei rekke fagfelt langs verdikjeda og leverandørkjeda er det bygd opp kompetanse i verdsklasse i fylket. Mange av bedriftene er hjørnesteinsbedrifter i sine respektive regioner samstundes som dei har medverka positivt til den internasjonale utviklinga i næringen.

Leverandørindustrien er ein viktig del av petroleumsindustrien i Hordaland. Leverandøranalyseprosjektet som HOG Energi gjennomførte i 2010 viste at leverandørnæringa i Hordaland står for ein monaleg del av industrien på landsbasis (2. plass etter Rogaland), – både når det gjeld omsetning, sysselsetting og i talet på selskap (NOK 36 mrd., 13 500 tilsette og 110 selskap). Næringa er godt representert gjennom hele verdikjeda, men med hovudvekt på drift, engineering, bygging og installering i både topside- og subsea-marknadane.

De 10 største selskapa står for ca. 50 % av omsetning og sysselsetting regionen. Sjølv om SMB representerer «berre» 33 % av omsetninga og 36 % av sysselsettinga, blir det likevel store tal fordi totaltalla er så høge. I følgje undersøkinga er SMB meir sårbare og meir eksponert for konkurransepress enn store leverandører. Det gjeld ulike område som fallande marginar, kompliserte kontraktmodellar, kostnadspress, aukande dokumentasjonskrav, internasjonal konkurranse, krav til auka innovasjon og kamp om talentane. SMB er samstundes viktige for framtidig innovasjonsevne og utvikling av lokalt eigarskap.

Endringar i rammetilhøva.

Høgkonjunkturen dei siste åra med høg oljepris og fleire store funn på norsk sokkel, har gitt eit oppsving i investeringane. SSB si investeringsprognose for petroleumsverksemda ved utgangen av 2013 ga et anslag på 223,3 milliardar kroner for 2014.

Tross store forventa investeringar, har oljeselskapa varsla innstrammingar. Statoil har til dømes varsla kutt i investeringar på 30 milliardar NOK. Mange av dei kostnadsreducerande tiltaka i bransjen vil bli sett i verk innafor sjølve drifta av felta. Ei rekke bedrifter i Hordaland har si verksemd retta inn mot denne delen av petroleumsnæringa.

I første kvartal 2014 har bedrifter som Statoil, Aibel og FMC Technologies starta interne kostnadsbesparende program og det blir anslått at fleire vil komme etter. Når dei store leverandørbedriftene og operatørselskapa varslar kostnadsutt har dette ein effekt på dei mindre leverandørane. SMB bedrifter har lågare marginar enn dei store og vil stå svakare i dette bildet. Difor er det nødvendig at strategiske tilpassingar blir gjort blant desse selskapa for å sikre framtidig innovasjon og konkurransekraft.

Nokre konsekvensar så langt.

Om situasjonen i bransjen skriver mellom anna nettavisa offshore.no at 2500 arbeidsplasser i Noreg kan stå i fare. Felles for alle disse selskapa er at dei er deler av store konsern med omsetning i milliardklassen. I ein gjennomgang same nettavis har gjort, oppsummerer dei følgjande tilpassingar hos aktørar så langt i 2014:

- Statoil beslutta i januar å «outsource» 209 norske stillinger innen IT, eiendomsdrift og økonomi/finans. De fleste av de tilsette som blir råka får tilbod og tilsetning hos leverandørane. I april følgde 69 HR-årsverk i same spor. Totalt er så mange som 1400 stillingar i spill i selskapets omstillingsarbeid.
- Aker Solutions blir ramma av nedgang i marknaden for vedlikehald og modifikasjonar på norsk sokkel. Det får konsekvensar for inntil 200 av de tilsette. Selskapet kan ikkje utelukke nedbemanningar.
- Baker Hughes seier opp 150 personer, meir enn 10 prosent av arbeidsstokken på 1400. I tillegg må vikarar og konsulentar finne seg nye oppdragsgivarar.
- Aibel skal redusere bemanninga med cirka 230 tilsette. Bemanningsreduksjonane vil bli gjennomført på samtlege lokasjonar i Norge.
- Weatherford Norge, som har om lag 530 tilsette i Sandnes, kommer til å redusera med 50-60 personar. I tillegg mister både innleidde og midlertidig tilsette jobben, slik at bedrifta til saman kutter 100 stillingar.
- Western Geco i Knarvik legg ned verksemda og 190 tilsette mister jobben. Western Geco er verdens største seismikkelskap, og eit heleid datterselskap av det internasjonale oljeserviceselskapet Schlumberger.

- Odfjell Drilling kutter 40 stillingar ved kontoret i Stjørdal. Årsaka til oppsiingene er at det ikkje er nok etterspørsel etter tenestene dei tilbyr på Njord og Heidrun-plattformene.
- Siemens Subsea legg ned produksjonen i Bergen og arbeidsplassane til dei 60 tilsette forsvinn til nyttår.
- TTS Group kutter om lag ti prosent av arbeidsstyrken i Norge og Tyskland. Om lag 50 av dei 100 stillingane som skal kuttas, skjer i Bergen. Selskapet ser på forskjellige muligheiter, ikkje berre oppseiingar.
- Seismikk-selskapet CGG Services legg ned 35 arbeidsplasser i Bergen og flytter til Oslo.

Samtidig som kostnadsutt blir stadig meir framtrudande i bransjen, er det ønskelig for dei leiande operatørselskapa at teknologiutviklinga intensiverast. Strategiske tilpassingar i SMB er nødvendig for å kunne være i «business» under kostnadspresset, samtidig som dei må være i stand til å nytte seg av muligheitene som teknologiutvikling gir med tanke på å auka produktiviteten i prosjekta dei leverer.

Forslag til tiltak.

Petroleumsnæringa nasjonalt og internasjonalt skal gjennomgå store strukturelle endringar og tilpassingar i årene som kjem. Dette vil sjølvstendig virke inn på lokale aktørar, som i lang tid allereie har gjort tilpassingar i takt med endringar og nye utviklingstrekk. Strukturelle endringar drives av ein rekke faktorar som bedriftene sjølv ikkje rår over. Etter fylkesrådmannen si meining er det difor viktig å få til eit enno tettare samspill mellom dei involverte næringsaktørane, lokalt og regionalt politisk nivå og kompetanseaktørar i regionen.

Med bakgrunn i utviklinga i næringa og kor viktig næringa er for sysselsetting og verdiskaping i Hordaland, meiner fylkesrådmannen det bør bli sett i verk eit prosjekt for å kartlegge situasjonen og få fram næringsaktørane sitt syn på kva for tiltak som bør settast i verk. Som den regionale utviklingsaktøren er det naturleg at Hordaland fylkeskommune tar initiativ til eit arbeid. Ein viktig del av eit slikt prosjekt vil vere å få fram utfyllande informasjon om dei spørsmåla som er stilt av Valle.

I tillegg til å gjennomføre ein spørjeundersøking retta mot bedriftsleiarane, vil det vere viktig å involvera ulike regionale aktørar i arbeidet som til dømes NCE Subsea, Atheno, UPTIME Centre of Competence, Innovasjon Norge, FoU miljøa med fleire.

Arbeidet vil bli lagt til Næringsseksjonen, Regionalavdelinga, med fylkeskommunen har ikkje sjølv kapasitet til å gjennomføre ein slik undersøking. Vi må difor leie inn ekstern ekspertise til arbeidet. HOG Energi er i så måte ein svært aktuell aktør, men det må også bli tatt omsyn til innkjøpsreglementet i fylkeskommunen. Det kan difor bli aktuelt med ei avgrensa anbudsutlysing.

Det er lite sannsynleg at næringa vil vere med å finansiere ei slik overordna undersøking. Fylkesrådmannen legg difor opp til å finansiere arbeidet over HNH budsjettet for 2014. Det blir lagt opp til at arbeidet skal bli gjennomført i haust og resultatet av arbeidet vil bli lagt fram for fylkesutvalet i ei eiga sak.